

Årsmelding 2024

for Vaksdal sokn



Når vi no er godt inne i eit nytt år, gir det høve til å sjå attende på året som ligg bak oss. Det mykje å gle seg over og vera takksame for og det er spanande å sjå framover.

Eit kort tilbakeblikk på 2024 syner mykje ulik aktivitet og mange ulike tiltak. Vi vil særleg peika på nokre av oppgåvene og hendingane i det året som er gått.

- Superonsdag – annankvar onsdag samlingar for born frå 0 til 13 år, fordelt på fire ulike tiltak
- Juleverkstaden og juletreffesten vart gjennomførte i tradisjonell stil
- Jørn Øyrehagen Sunde, føredrag
- Per Nordmark, kåseri og fotoutstilling
- Bibeltimar både vår og haust
- Måndagstreff i konfirmantrommet
- Strategimøte saman med bedehuset v/styret for indremisjonen
- Spanande prosess fram mot tilsetting av ny sokneprest

Mykje av ansvaret for det som går føre seg i kyrkja vår lokalt, ligg på soknerådet. Det nye soknerådet som tok over ansvaret 1. november i 2023, er no godt i gang med arbeidet. Svært mange frivillige medarbeidarar gjer ein viktig innsats og soknerådet vil takka alle som bidreg.

Håpet og målet er at kyrkja vår kan vera ein stad der dei som bur her i Vaksdal kan kjenna at dei høyrer til. At kyrkjerommet kan vera ei ramme om både sorg og glede og ein plass det er godt å koma til.

Guds menighet er jordens største under!
Mens verdens skikkelse i hast forgår,
Er Kristus i all evighet den samme,
Og fast hans rike på sin klippe står.
Mens verdensriker stiger og de synker,
Går kirken mot fullkommenhetens vår.
(Ronald Fangen)

For Vaksdal sokneråd februar 2024
Tove Margrete Nordmark, leiar

**Sokneprest Edvard Bø gjekk av med pensjon ved utangen av 2024.
Han sender ei helsing til kyrkjelyden.**

Eg takkar for 24 fine, gode år i Vaksdal. Det har vore ei tid med mykje spennande ting som har skjedd, ein del utfordringar har det vore, men mest vil eg minnast velsigningane, og det gode, og det å gjere teneste i samarbeid med so mange fine medarbeidarar både mellom dei tilsette og dei friviljuge.

Det siste året har vore prega av førebuing og oppbrudd mot eit nytt tilvere som pensjonist med mange avskiler på slutten i ulike sokn og samanhanger. Det er godt å kjenne at eg har vore satt pris på.

Eg er og takksam for at det har lagt seg godt til rette for at det allereie frå starten er ny prest på plass. Stillinga som prest i Vaksdal er den lengstvarande tenesta eg har hatt. Det har blitt mange gode relasjonar og venskap. Dei varer ved.

Eg vonar alt godt for Vaksdal kyrkjelyd i åra som kjem, og den tenesta som Fredrik Hope no tek over og vidarefører.

Må herren Jesus Kristus signe dykk alle rikeleg!

Helsing Edvard Bø



Foto frå avskilsfesten
Kari og Edvard Bø

Vaksdal sokneråd 2024.

Leiar	Tove Margrete Nordmark
Nestleiar	Tormod Amundsen
Medlem og sekretær	Siv Torlaug Hisdal
Medlem	Grete Loftheim Dale
Medlem og representant i fellesråd	Heidi Rongved
Medlem og vara repr. fellesrådet	Per Nordmark
Sokneprest	Edvard Bø
Varamedlem og kasserar	Oddvar Dale
Varamedlem	Anders Boge
Varamedlem	Truls Langhelle
Varamedlem	Svein Hovlandsdal

Andre verv:

Revisor	Trygve Boge
Kontaktperson Kirkens nødhjelp	Per Nordmark
Leiar i Vaksdal barnelags juleverkstad	Martha Bjørsvik
Leiar i Vaksdal søndagsskule	Maria Strand Helle
HimalPartner- kontakt vår 2023	Kjartan og Elisabeth F. Gullbrå
Trusopplæringsutvalet	Grete Loftheim Dale

Tilsette i Vaksdal kyrkjelege fellesrådsområde 2024:

Sokneprest	Edvard Bø
Sokneprest	Frode Kvamsøe
Kantor	Ruben Sverre Gjertsen
Organist	Frode Raymond Vik
Kyrkjetenar / vaktmeister	Ottar Dalseid
Trusopplærer og konfirmantlærer	Kristin Straume Normann

Andre frivillige medarbeidarar

Mange medarbeidarar utanom soknerådet har stilt opp og gjort ein verdfull innsats både ved gudstenester og andre arrangement, mellom anna som vakter, kyrkjevertar, kjøkenhjelp, konfirmantarbeid, juleverkstad og til å styre Power Point under gudstenester.

Soknerådet seier takk til alle frivillige og håpar at vi kan rekne med dykk vidare!

Møteverksemd

Vaksdal sokneråd har hatt 9 møte i 2024, eit av desse med strategimøte i samarbeid med Vaksdal bedehus.

Årsmøtet/ soknemøtet vart avvikla 10. mars.

Rådet har på alle møta vore vedtaksført. Soknerådet handsama 86 saker.

Årsmøtet vart halde 10.03.2024 etter gudstenesta kl. 11.00.

20 deltakarar.

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram for årsmøtet.

Under drøftingane vart mellom anna dette trekt fram :

- Det var samrøystes ønske om at ein skal halda fram med midnattsmesse nyårsaftan. Årsmøtet ønskte at gudstenesta skulle flyttast til kl. 23.00.
- Vi **treng kyrkja** til dåp, konfirmasjon, bryllaup, gravferder, høgtider og til bruk i krisesituasjonar. Det siste er vorte meir aktuelt. Prestane er med i kriseteam og tek til orde for at kyrkja kan nyttast ved slike høve.
- Korleis **gjera folk kjent med kyrkja**? Fleire idéar (sjå referat frå årsmøtet)
- Trusopplæring og familiegudstenester er viktig arbeid her.
- Babysong i kyrkjeskipet i kombinasjon med gudsteneste - kan det vera ein idé?
- Generasjonssamling på sjukeheimen vert teke godt imot.
- Måndagstreff – uformell samling som har vore teke godt imot.
- Det er stort frammøte under konfirmasjons- og julegudstenester.
- Gje konfirmentar og andre oppgåver t.d. under gudstenester? Gje dei gode tilbakemeldingar i etterkant.
- På nasjonalt plan vore auke i bruk av kyrkja. Pga krisetider? Bøn for verda kan gje oss mindre kjensle av hjelpeløyse.

Aktuelle saker i løpet av året

- Misjon: Vi held fram med å støtta HimalPartner med ofring 2 gonger i året.
- I tillegg til samarbeidsavtalen med HimalPartner, har soknerådet vedteke å støtta eit fredsprosjekt i Sør Sudan, Holy Trinity Peace Village Kuron. Dette arbeidet fekk også 2 ofringar dette året.

- I 2024 var det mange markeringar av at det er 1000 år sidan vi fekk Kristenretten og 750 år sidan Magnus Lagabøte si landslov vart til. 29. mai heldt Jørn Øyrehagen Sunde føredrag i Vaksdal kyrkje om dette med tittelen :

Kristenretten 1000 år

Magnus Lagabøte si landslov 750 år

Guds fire døtrer – kven er dei?



Ein engasjert føredragshaldar

- Per Nordmark reiser fleire gonger i året til Sør Sudan og arbeider som frivillig i Fredslandsbyen Kuron. Med bakgrunn i sitt mangeårige arbeid i Sør Sudan, hadde han både kåseri og fotoutstilling i Vaksdal kyrkje med tittel:

Eit anna land – Eit anna liv



Per Nordmark ved fotoutstillinga

- 2024 var det siste året Edvard Bø var sokneprest i Vaksdal. Han valde å bli pensjonist og hadde sine siste tenester i desember. Den offisielle avskilsmarkeringa var lagt til januar 2025. Men mange ville dei siste månadene takka han for arbeidet i kyrkjene våre.



Her frå siste soknerådsmøte med Stamnes og Vaksdal
– på Edvard sin 67-årsdag

- Den ledige stillinga som sokneprest i Stamnes og Vaksdal vart lyst ut tidleg på sommaren. Begge sokna var svært glade over interessen for stillinga, og begge sokneråda fekk ta del i tilsettingsprosessen. Fredrik Hope fekk tilbod som stillinga, svarte ja og var klar for å ta til i tenesta 1.januar 2025.

Statistikk for Vaksdal sokn 2024

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Forordna gudstenester	24	28	19	18	20	22	21
Andre gudstenester			5	6	6	5	1
Gudstenester Vaksdal sjukeheim	8	7	1	0	0	0	0
Totalt	32	37	24	24	26	27	22
Av desse							
Gudsteneste med nattverd	26	25	13	12	12	18	14
Tilrettelagt for born og ungdom	5	3	1	1	4	6	5
Tilrettelagt for ungdom	3	6	1	3	2		3
Lovsongsgudstene ste	1	1	0	0	0	0	0
Open kyrkje				1	0	0	0
Musikkandakter/ko nserter	4	9	4 digit.	3	4*	7*	5*
Deltakarar (utanom gravferder)	1674	1859	727	873	1214	1324	1337
Nattverdsgjester totalt			226	234	235	375	329
Døypte	12	10	5	4	7	6	5
Konfirmerte	5	15	16	10	16	16	18
Vigsler	3	0	0	1	1	0	2
Gravferder	12	12	13	16	21	8	16
Andakter Vaksdal sjukeheim			23	42	50	40	45
Utmelde					0	1	4
Innmelde					1	0	1

* 2 konsserter og musikkandakter i eigen regi og i tillegg 3 konsserter i regi av andre

Fitjovasstemne 9. juni 2024

I 2024 var det Samnanger som hadde ansvaret for dette. På grunn av dårleg ver, vart gudstenesta flytta til Haga kyrkje.

Minnegudsteneste vart halde i Dale kyrkje for Vaksdal, Dale og Bergsdalen sokn 3. november, helgemessesøndag.

Nyårsaftan kl. 23.00 var det **midnattsmesse** i Vaksdal kyrkje. Det var 14 deltakarar.

Diakoni

Måndagstreff i konfirmantrommet heldt fram i 2024

Enkel servering med kaffi/ te og noko å bita i samt sosial prat.

I 2024 var det 36 samlingar og til saman 478 deltakarar.

I dei siste møta før sommar og jul var det litt ekstra program og ekstra godt frammøte. Til saman i 2024: 36 samlingar med 478 deltakar.

Om lag ein gong i månaden får vi besøk av ei gruppe frå ei dagsenter i Os. Det er til glede for begge partar.

I tillegg til ekstra program siste dagen før sommaren og før jul, hadde vi dette året to samlingar med bidrag frå to personar:

Frode Kvamsøe: «Beatles heila livet»

Per Nordmark i samband med kåseri og fotoutstilling: «Eit anna land – eit anna liv»



Frode delte si Beatles-begeistring

Kyrkjekaffi

etter dei fleste gudstenestene.

Juletefest

I 2024 vart den tradisjonelle juletefesten på Vaksdal bedehus arrangert igjen, også denne gongen som eit samarbeid mellom indremisjonen og soknerådet. Julesongar, gang rundt juletreet og julespel var faste og kjente innslag. Om lag 50 deltakarar.

50- og 60 års konfirmantfest

Denne festen var planlagt til 13. oktober med vart avlyst grunna for liten interesse.

Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp 19.mars

Denne ble også i 2024 gjennomført fysisk ved bøsseinnsamling. Det var ein flott innsats av konfirmantane. Saman med andre frivillige var konfirmantane og føresette med og køyrde og gjekk som bøsseberarar. I Vaksdal sokn samla vi inn til saman kr. 28.270. Av dette kom kr. 9.536 inn ved bøsseinnsamling, kr. 16.950 via vipps og kr. 1.784 var anonyme gåver.

Årstal	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Resultat	21.229	17.506	9.434	26.805	27.459	28.270

Undervisning



Bibeltimar i konfirmantrummet

I 2024 stod Edvard Bø for to rekker bibeltimar.

Bergpreika var tema for tre samlingar om våren. Om hausten var det to samlingar med tema: Kristus som konge.

Kyrkjemusikalsk verksemd

Konsserter Vaksdal kyrkje

- 28. mars, skjærtorsdag: Orgelresitasjon v/ Ruben Gjertsen
- 13. april: Sori Trio
- 15. november: Haustkonsert ved Vaksdal musikklag og Ytre Arna vokal
- 8. desember: Stress-ned-konsert med Rakkadeis
- 22. desember: adventskonsert med adventstankar ved Linda Lien song og musikk av Trine Duesund Straume, Hege Anita Tveito, Lars Arve Styve, Frode Vik, Kilden og Dale mannskor
- Konfirmasjon 5. mai, solist Aksel Henning Holdhus

Koret Kilden

øver i Vaksdal kyrkje. Dei har medlemmer frå fleire sokn og deltar på gudstenester, konserter m.m. i heile kommunen. T.d. ved føredraget av Jørn Øyrehagen Sunde og ved adventskonserten vår.

Trusopplæring / arbeid for born

Trusopplæraren leverer eiga årsmelding, men vi vil gjerne peika på det allsidige arbeidet som vert gjort i Vaksdal. Nokre av desse tilboda gjeld heile kommunen og nokre er særleg berekna på born som høyrer til Vaksdal sokn.

- «Superonsdag» gjev tilbod til born i alderen 0-13 år. Annakvar veke har det vore det baby- og småbornssong, knøttesong, onsdagsklubb og etter skuletid Vaksdal kyrkje
- Det vart delt ut bøker til 4-åringar og nytestamente til 10 åringar i ei familiegudsteneste.
- 6-åringane var særskilt inviterte til å vera med på ei gudsteneste i september, der dei fekk fleire gåver frå kyrkjelyden.
- Borna sin påskedag: Det vart arrangert påskevandring i Dale kyrkje - der 7-åringane var spesielt inviterte.
- Kristi Himmelfartsdag var 5-åringar frå heile kommunen særskilt inviterte til gudsteneste under Skipshellaren på Straume.
- Tårnagenthelg for 8-åringar med tårnagentgudsteneste søndagen i Vaksdal kyrkje.
- Adventsleir der 9-åringane var særskilt inviterte.
- «Lys vaken» var i Dale kyrkje for 11-åringar frå heile kommunen.
- Dåpsborna mottok dåpsboka «Dåpen», dåpslys, dåpsklut og pakke med materiell til trusopplæring. Fadderhelsingar vert og delt ut.
- Barnelaget sin juleverkstad vart gjennomført i kjent stil 2. desember. 32 born og 9 leiarar koste seg. I tillegg til desse var 20 andre vaksne med.
- Vaksdal søndagsskule (organisert under Søndagsskolen Norge) har samlingar under indremisjonen sine storsamlingar i Vaksdal bedehus.
- Generasjonssong på Vaksdal sjukeheim åtte gongar i 2024 var eit samarbeid mellom kyrkja og frivilligsentralen

Laga av onsdagsklubben



Konfirmantarbeid

Konfirmantane av 2023/2024 kullet

18 konfirmantar vart konfirmerte 4. og 5. mai -24.



- 17.mars: Ung Messe i Dale kyrkje med kickoff til Fasteaksjonen
- 19.mars: Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens nødhjelp. Konfirmantane m/ foreldre var med som bøsseberarar
- 2.april: Langdag i Dale kyrkje med undervisning, taco og film
- 30.april: Kappeprøving kl. 17.00. Deretter tur med veteranbilar til Dale. Møte med føresette kl. 19.
- 4. og 5. mai: Konfirmasjonsgudstenester

Frå kickoff for Fasteaksjonen

Konfirmantar av 2024/ 2025 kullet er 6 stk.

- 1. september konfirmantpresentasjon under Vegengudstenesta
- Dei var på felles leir på Fagertun 20. – 22. september og deltok på Ung messe i Vaksdal kyrkje søndag kl. 16.
- 15.november var dei som ville på nattcup i Haukelandshallen
- 1. desember deltok dei på lysmessa.
- Konfirmantane laga julekort til eldre over 85 år.
- Undervisninga har vore lagt til Dale bedehus rett etter skuletid og på planleggingsdagar, der dei har vore delt inn i tre ulike grupper på 8-9 konfirmantar kvar, saman med konfirmantar frå dei andre bygdene.
- Konfirmantundervisninga nyttar opplegget Delta, produsert av IKO, og konfirmantane har kvar si loggbok dei skriv i på slutten av samlingane.
- Trusopplærar Kristin har vore i konfirmantarbeidet i 20% stilling.

Kyrkja - vedlikehald

Det er kyrkjeleg fellesråd som har ansvaret for vedlikehald av kyrkjebygget og kyrkjerommet. Fellesrådet er avhengig av løyvingar frå kommunen for å gjera det som trengs og det er vanskeleg å få midlane til å strekka til. Difor er samarbeidet mellom soknerådet og fellesrådet viktig. Soknerådet kan bidra med ønske om prioriteringar og også utføra ein del arbeid på dugnadsbasis. Vaktmeister gjer ein del vedlikehald etter kvart, men det er

framleis store behov og her vil soknerådet peika på noko av det som det bør gjerast noko med:

- Desse to oppgåvene har soknerådet avtalt med kyrkjerverja at rådet skal ta seg av på dugnad
 - Trappa opp til orgelgalleriet er bratt og farleg. For at det skal vera forsvarleg å bruka orgelgalleriet, bør det monterast eit rekkverk.
 - Veggane i denne trappeoppgangen er malingsslitne og stygge og treng oppussing.
- Kyrkja har eit høgt forbruk av straum.
- Der er framleis utfordringar i kyrkja knytt til universell utforming.

Dette er utført på dugnad i 2024



- Innkjøp av blomsterurner og planting i desse: sommarblomster og haustlyng
- Oljing av hageborda utanfor konfirmantrummet
- Reparasjon av stolar og pidestall
- I tillegg til dette er det utført andre mindre dugnadsoppgåver. Samla tal dugnadstimar 2024: 58,5 timar.

Økonomi

Dette er eit kort oversyn over økonomien i 2024. Fullstendig rekneskap ligg ved årsmeldinga.

Kort oversyn økonomi	2024	2023
Inntekter totalt	79217,85	171 653,00
Kostnader	74176,02	81 056,47
Innløysing av flygelet	0	216 250,00
Resultat (negativt tal betyr underskot)	5 041,83	-125 653,47
Eigenkapital 01.01.2024 og 01.01.2023	24894,64	150 548,11
Resultat (negativt tal betyr underskot)	5 041,83	-125 653,47
Eigenkapital 31.12.2024 og 31.12.2023	29936,47	24 894,64
Ofring i gudstenester (kyrkjelydsarbeid og eksterne mottakarar)	53 120,00	53 620,00
Kollekt kyrkjemusikalsk arbeid	6 999,00	2 280,00
Inntekter øyremerka flygelprosjektet (inkludert ofringar)	0,00	95 321,00
Fasteaksjon Kirkens nødhjelp (motteke lokalt)	9 536,00	12 174,00
Om lag 90% av innbetalingene skjer no v.h.a Vipps		